



Møteprotokoll

Utval:	Nærings- og utviklingsutvalet
Møtestad:	formannskapssalen, Rådhuset
Dato:	10.12.2019
Tid:	Kl. 16.00 -18.20

72/19 Kommunedelplan sentrum-Ikornnes - slutthandsaming

10.12.2019 Nærings- og utviklingsutvalet

Behandling

Samfunnsplanleggjar Njell Hoftun orienterte og svara på spørsmål.

Røysting:

BU1 – Bustadareal Grebstad

Alt.2 Kommunen imøtekjem motsegna ved å ta bustadarealet ut av plan. Arealet vert då LNF, som i gjeldande plan.

Samrøystes vedteke.

BU2 – Bustadareal v Ullavik skule

Alt.1 Kommunen held fast på arealet. Motsegna står ved lag.

5 røysta for dette alternativet: Trond Bonesmo (H), Henning Sølvik (H), Nina Ulstein (FRP), Svein Tore Sørgård (FRP) og Leif Kjetil Lorentzen (V).

Alt.2 Kommunen imøtekjem motsegna ved å ta bustadarealet ut av plan. Arealet vert då LNF, som i gjeldande plan.

4 røysta for dette alternativet: Anita Kjersheim (SP), Anne Karin Watters (AP), Karna Myhre (AP) og Robin Urke Brunstad (SP) røysta for dette alternativet.

Alternativ 1 vart vedteke med 5 røyster.

BU20 – Bustadareal Kagholen

Alt.2 Kommunen imøtekjem motsegna ved å ta bustadarealet ut av plan. Arealet vert då LNF, som i gjeldande plan.

Samrøystes veteke.

Føresegner for LNF-spreidd busetting, pkt 5.2 – krav om skjerpa jordvern.

Alt.2 Kommunen imøtekjem motsegna ved å justere føresegnene pkt 5.2 i samsvar med krav frå fylkesmannen.

Samrøystes vedteke.

NU - 72/19 Vedtak:

Nærings- og utviklingsutvalet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 vedtar Sykkylven kommunestyre kommunedelplan for sentrum-Ikornnes (planID 15282017004).

Planen vert gjort gjeldande for alle delar utan motsegn.

Kommunen gjer følgjande vedtak for gjenstående motsegner:

BU1 – Bustadareal Grebstad

Kommunen imøtekjem motsegna ved å ta bustadarealet ut av plan. Arealet vert då LNF, som i gjeldande plan.

BU2 – Bustadareal v Ullavik skule

Kommunen held fast på arealet. Motsegna står ved lag.

BU20 – Bustadareal Kagholen

Kommunen imøtekjem motsegna ved å ta bustadarealet ut av plan. Arealet vert då LNF, som i gjeldande plan.

Føresegner for LNF-spreidd busetting, pkt 5.2 – krav om skjerpa jordvern.

Kommunen imøtekjem motsegna ved å justere føresegnene pkt 5.2 i samsvar med krav frå fylkesmannen.